**KOMMISJONSVEDTAK** **2014/EØS/56/04**

**av 12. mars 2008**

**om endring av vedtak 2003/135/EF med omsyn til planane for utrydding av og naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i visse område av delstatane Rheinland-Pfalz og Nordrhein-Westfalen (Tyskland)**

*[meldt under nummeret K(2008) 887]*

**(Berre den tyske og den franske teksta er gyldige)**

(2008/220/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest([1]), særleg artikkel 16 nr. 1 og artikkel 20 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

1) Kommisjonen har vedteke kommisjonsvedtak 2003/135/EF av 27. februar 2003 om godkjenning av planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i dei tyske delstatane Niedersachsen, Nordrhein-Westfalen, Rheinland-Pfalz og Saarland([2]) som eitt av fleire tiltak for motkjemping av klassisk svinepest.

2) Tyskland har gjeve Kommisjonen melding om den nyaste utviklinga av sjukdommen hjå viltlevande svin i visse område av Rheinland-Pfalz og Nordrhein-Westfalen.

3) Desse opplysningane tyder på at klassisk svinepest hjå viltlevande svin er utrydda i visse område av desse delstatane. Det er difor ikkje lenger naudsynt å nytte planane for utrydding av og naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i desse områda.

4) Vedtak 2003/135/EF bør difor endrast.

5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Vedlegget til vedtak 2003/135/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til dette vedtaket.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 70 av 14.3.2008, s. 9, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 55/2009 av 29. mai 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 47 av 3.9.2009, s. 1.

([1]) TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2007/729/EF (TEU L 294 av 13.11.2007, s. 26).

([2]) TEU L 53 av 28.2.2003, s. 47. Vedtaket sist endra ved vedtak 2007/135/EF (TEU L 57 av 24.2.2007, s. 20).

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til Sambandsrepublikken Tyskland og Republikken Frankrike.

Utferda i Brussel, 12. mars 2008.

*For Kommisjonen*

Androulla VASSILIOU

*Medlem av Kommisjonen*

*VEDLEGG*

*«VEDLEGG*

1. **OMRÅDE SOM DET FINST UTRYDDINGSPLANAR FOR**

A. **I delstaten Rheinland-Pfalz:**

a) i distriktet Ahrweiler: kommunane Adenau og Altenahr,

b) i Landkreis Vulkaneifel: kommunane Obere Kyll og Hillesheim, i kommunen Daun tettstadene Betteldorf, Dockweiler, Dreis-Brück, Hinterweiler og Kirchweiler, i kommunen Kelberg tettstadene Beinhausen, Bereborn, Bodenbach, Bongard, Borler, Boxberg, Brücktal, Drees, Gelenberg, Kelberg, Kirsbach, Mannebach, Neichen, Nitz, Reimerath og Welcherath, i kommunen Gerolstein tettstadene Berlingen, Duppach, Hohenfels-Essingen, Kalenborn-Scheuern, Neroth, Pelm og Rockeskyll og byen Gerolstein,

c) i Eifelkreis Bitburg-Prüm: i kommunen Prüm, tettstadene Büdesheim, Kleinlangenfeld, Neuendorf, Olzheim, Roth bei Prüm, Schwirzheim og Weinsheim,

d) i Landkreis Südwestpfalz: kommunen Kröppen søraust for L 483, kommunen Vinningen søraust for L 478 og L 484, kommunane Schweix, Hilst, Trulben, Eppenbrunn, Ludwigswinkel, Fischbach bei Dahn, Schönau (Pfalz), Hirschthal, Rumbach, Bruchweiler-Bärenbach, Bundenthal, Niederschlettenbach, Nothweiler, Bobenthal, Erlenbach bei Dahn.

B. **I delstaten Nordrhein-Westfalen:**

a) i distriktet Euskirchen: byane Bad Münstereifel, Mechernich, Schleiden, i byen Euskirchen tettstadene Billig, Euenheim, Euskirchen (sentrum), Flamersheim, Kirchheim, Kuchenheim, Kreuzweingarten, Niederkastenholz, Palmersheim, Rheder, Roitzheim, Schweinheim, Stotzheim, Wißkirchen (i byen Euskirchen), og kommunane Blankenheim, Dahlem, Hellenthal, Kall og Nettersheim,

b) i Rhein-Sieg-Kreis: i byen Meckenheim tettstadene Ersdorf og Altendorf, i byen Rheinbach tettstadene Oberdrees, Niederdrees, Wormersdorf, Todenfeld, Hilberath, Merzbach, Irlenbusch, Queckenberg, Kleinschlehbach, Großschlehbach, Loch, Berscheidt, Eichen og Kurtenberg, i kommunen Swisttal tettstadene Miel og Odendorf.

2. **OMRÅDE DER DET VERT NYTTA NAUDVAKSINASJON**

A. **I delstaten Rheinland-Pfalz:**

a) i distriktet Ahrweiler: kommunane Adenau og Altenahr,

b) i Landkreis Vulkaneifel: kommunane Obere Kyll og Hillesheim, i kommunen Daun tettstadene Betteldorf, Dockweiler, Dreis-Brück, Hinterweiler og Kirchweiler, i kommunen Kelberg tettstadene Beinhausen, Bereborn, Bodenbach, Bongard, Borler, Boxberg, Brücktal, Drees, Gelenberg, Kelberg, Kirsbach, Mannebach, Neichen, Nitz, Reimerath og Welcherath, i kommunen Gerolstein tettstadene Berlingen, Duppach, Hohenfels-Essingen, Kalenborn-Scheuern, Neroth, Pelm og Rockeskyll og byen Gerolstein,

c) i Eifelkreis Bitburg-Prüm: i kommunen Prüm, tettstadene Büdesheim, Kleinlangenfeld, Neuendorf, Olzheim, Roth bei Prüm, Schwirzheim og Weinsheim,

d) i Landkreis Südwestpfalz: kommunen Kröppen søraust for L 483, kommunen Vinningen søraust for L 478 og L 484, kommunane Schweix, Hilst, Trulben, Eppenbrunn, Ludwigswinkel, Fischbach bei Dahn, Schönau (Pfalz), Hirschthal, Rumbach, Bruchweiler-Bärenbach, Bundenthal, Niederschlettenbach, Nothweiler, Bobenthal, Erlenbach bei Dahn.

B. **I delstaten Nordrhein-Westfalen:**

a) i distriktet Euskirchen: byane Bad Münstereifel, Mechernich, Schleiden, i byen Euskirchen tettstadene Billig, Euenheim, Euskirchen (sentrum), Flamersheim, Kirchheim, Kuchenheim, Kreuzweingarten, Niederkastenholz, Palmersheim, Rheder, Roitzheim, Schweinheim, Stotzheim, Wißkirchen (i byen Euskirchen), og kommunane Blankenheim, Dahlem, Hellenthal, Kall og Nettersheim,

b) i Rhein-Sieg-Kreis: i byen Meckenheim tettstadene Ersdorf og Altendorf, i byen Rheinbach tettstadene Oberdrees, Niederdrees, Wormersdorf, Todenfeld, Hilberath, Merzbach, Irlenbusch, Queckenberg, Kleinschlehbach, Großschlehbach, Loch, Berscheidt, Eichen og Kurtenberg, i kommunen Swisttal tettstadene Miel og Odendorf.»